

# Teknikk næring og eigedom

Dato : 26.04.2006  
Vår ref. : 06/304-4/K2-V5/06/2487  
Dykkar ref. :

Saksbehandlar : Erik Almhjell  
Telefon : 61216192  
Telefaks : 61216191



**Nord-Fron  
kommune**

Landbruks- og matdepartementet  
Pb 8007 Dep.

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnummer	2006 / 00143 - 46
Mottatt	28 APR 2006
Saksbehandler	MP/SDD/
Ansatt	713
Kontor	
Ansatt	

Postadresse  
Postboks A  
2639 Vinstra

Telefon  
61 21 61 00

Telefaks  
61 21 61 01

## HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING AV LOV OM VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL

E - p o s t  
postmottak@  
nord-fron.  
kommune.no

www.  
nord-fron.  
kommune.no

Utval for landbruks-, utmarks og miljøsaker har i møte 26.04.06, sak 26/06 fatta følgjande vedtak i saka:

Bankgiro  
2095.06.05775

1. Kommunane må få full økonomisk kompensasjon for å ta over ansvaret for veterinærtenestene.
2. Det må definerast kva som er tilfredsstillande tilgang på veterinærtenester. Det må utarbeidast retningsliner som klargjør nivå og kvaliteten som tenesta skal ha. Dette for å sikre beredskap mot smittsame dyresjukdomar, og å gi aktørane i landbruksnæringa stabile rammevilkår og av omsyn til dyrevernet.
3. Den nye ordninga må vere kostnadseffektiv i forhold til den gamle ordninga og dei måla ein vil oppnå.

Bankgiro skatt  
7855 05 05168

Med helsing

Kari Larssen Brenna  
kontorleiar

Kopi til:

Den norske veterinærforening  
Nord-Fron Bonde- og Småbrukarlag  
Nord-Fron Bondelag  
Sør-Fron kommune

v/Ole Petter Berget  
v/Ingunn Teige Spjotum

0130 OSLO  
2643 SKÅBU  
2640 VINSTRA  
2647 SØR-FRON

Møtebok sak 026/06

**HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING AV LOV OM VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL**

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker	026/06	26.04.2006	EAL

Saksansv.: Erik Almhjell	Arkiv: K2-V5	Arkivsaknr.:	06/304
	Objekt:	Journalpost:	06/2174

**Vedlegg:**

1. Brev av 15. februar 2006 frå Landbruks- og matdepartementet.
2. Høyringsuttale av 7. mars 2006 frå Den norske veterinærforening.

**Utrykte vedlegg:**

1. Brev frå Nord-Fron Bonde- og Småbrukarlag av 10.04.2006.
2. Utskrift av e-brev frå Nord-Fron Bondelag av 10.04.2006.
3. Utskrift frå Sør-Fron kommunestyre 06.04.2006, sak 14/06.

**Bakgrunn for saka:**

Landbruksdepartementet (LMD) har i brev av 15. februar 2006 sendt på høring forslag til endring av dyrehelsepersonelloven der formålet med lovendringa er at ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt i alle delar av landet overførast frå staten til kommunane.

LMD meiner det økonomiske grunnlaget for klinisk veterinærteneste, dvs. tenesteyting frå sjølvstendig næringsdrivande veterinærar, av forskjellige årsaker er svekka i deler av Noreg. Dette kan ifølge departementet føre til mindre fokus på førebyggjande helsearbeid, dårlegare beredskap mot alvorlege smittsame dyresjukdomar og svekka grunnlag for husdyrhald som følgje av manglande tilgang på veterinærar.

For å møte utfordringane som er peika på ovanfor, sette LMD i 2004 ned eit utval (Sagelvmotvalet). Utvalet konkluderte med at utfordringane ein står ovanfor med omsyn til å få ein tilfredsstillende veterinærdekning i alle deler av landet best kan løysast ved at tilgang på klinisk veterinærtenester gjerast til eit kommunalt ansvar.

LMD vil følgje opp anbefalingane til Sagelvmotvalet og må dermed endre lov om veterinærar og annet dyrehelsepersonell av 15. juni 2001 nr. 75, slik at ansvaret for tilfredsstillande tilgang på veterinærtenester overførast til kommunane. I same lov vil departementet også endre §26 om klinisk vakt, slik at heimel til å påleggje veterinærar plikt til å delta i vaktordninga, fell bort.

Den nye lovpålagte oppgåva inneber økonomiske og administrative konsekvensar for kommunane. Dette gjeld administrasjon av ansvaret for å bidra til tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell, og administrasjon av ei vaktordning for dyrehelsepersonell. I område der det marknadsmessige grunnlaget for veterinær verksemd er utilstrekkeleg må kommunen etablere ordingar som sikrar

tilfredsstillande tilgang på tenester. Det blir imidlertid opp til kommunane sjølve å vurdere kva som er tilfredsstillande tilgang på veterinærtjenester.

For 2006 er det budsjettet med 80 millionar kroner til veterinærtjenestordninga. I tillegg anslår Mattilsynet dei administrative kostnadane til ca 0,5 millionar kroner. Nord-Fron kommune har ingen økonomiske forpliktelser i forhold til veterinærtjenesta i dag, og yter heller ingen midlar gjennom frivillige ordningar.

### **Høringsuttale frå lokallag innan landbruksnæringa i Nord-Fron**

Nord-Fron Bonde- og Småbrukarlag går i mot forslaget og frykter at dyrevernet vil vere skadelidande og at kostnadane for dyreeigarane vil auke vesentleg og vil bli veldig variable etter forskjellig kommuneøkonomi.

Nord-Fron Bondelag er veldig skeptiske til forslaget og meiner at, med ein pressa kommuneøkonomi, vil det bli kamp om fordeling av pengar også på dette området. Bondelaget peikar på at det kan bli gjort forskjellige prioriteringar av kommunane, og for å få ein felles vaktordning på tvers av kommunane til å fungere er det viktig at nivået er nokolunde samsvarande. Ettersom veterinærtjeneste må dekkje fleire kommunar vil det også vere nødvendig å byggje opp ein administrasjon for dette, og da meiner Bondelaget at staten like godt kan ha ansvaret som i dag.

Sekundært meiner Bondelaget at retningslinjer for å vurdere kva som er tilfredsstillande veterinærtjenester blir utarbeidd og at det blir gitt full økonomisk kompensasjon.

### **Rådmannsleinga si vurdering:**

Rådmannsleinga er skeptiske til at det skal vere kommunane som skal definere kva som er tilfredsstillande tilgang på veterinærtjenester. Dette kan bety at kommunane kan definere behovet for veterinærtjenester ulikt og difor skape ustabile rammevilkår for dei som driv med dyrehald. Det er dessutan sjeldan kompetanse i ein kommune til å vurdere om tilgangen er tilfredsstillande, for eksempel med tanke på beredskap mot smittsame dyresjukdomar. Slik beredskap har konsekvensar for matvaresikkerheita i landet, noko som og bør vere eit nasjonalt ansvar. Mangel på praktiserande veterinærar i eit distrikt vil og truleg ha konsekvensar for avdekkinga av dyrevernsaker, då oversikta over dyrehaldet slike veterinærar har kan vere avgjerande. Dersom ein definerer kva som er tilfredsstillande tilgang vil det og truleg vere lettare å få til samarbeid mellom kommunane om veterinærtjenestene. Alternativt må ein få retningslinjer slik at ein kan vurdere dette med den kompetansen kommunane normalt sit på.

I høringsnotatet er det nemnt at utviklinga av bl.a. akvakulturnæringa har auka behovet for veterinærar. Med slike alternative næringsvegar kan ein, ved å fjerne mulegheita til å påleggje deltaking i vaktordninga, auke problemet. Med ein godt betalt jobb i andre næringar kan det vere lite forlokkande med ukurant arbeidstid som veterinærtjeneste. I dei mindre befolka områda av landet med lite dyrehald og utan grunnlag for full dyrehelsepraksis, ser vi for oss at det kan bli dyrt for kommunane å sørge for tilfredsstillande tilgang på veterinærtjenester.

Ein ser at dei totale kostnadene ved å administrere ordninga kan bli høgare enn det dei er i dag, i og med at kommunane skal administrere veterinærtjeneste-ordning i kvart sitt veterinærdistrikt. Den totale kostnaden for kommunane som følgje av overføringa av ansvaret for veterinærtjenestene må vere lågare enn kostnadane for å oppnå tilfredsstillande tilgang på veterinærtjenester gjennom noverande ordning.

Administrasjonssjefen legg saka fram for utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker med slik:

## **Innstilling:**

Nord-Fron kommune går inn for endring av dyrehelsepersonellova der formålet er å overføre ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt frå staten til kommunane dersom følgjande føresetnader blir gjennomført:

1. Kommunane må få full økonomisk kompensasjon for å ta over ansvaret for veterinærtenestene.
2. Det må definerast kva som er tilfredsstillande tilgang på veterinærtenester, alternativt må det utarbeidast retningsliner for korleis kommunane skal vurdere dette. Dette for å sikre ein viss beredskap mot smittsame dyresjukdomar, for å gi aktørane i landbruksnæringa nokolunde stabile rammevilkår og av omsyn til dyrevernet.
3. Den nye ordinga må vere kostnadseffektiv i forhold til den gamle ordninga og dei måla ein vil oppnå.

### **LUM-026/06 26.04.2006 Behandling:**

Finn Hellebergshaugen la fram forslag til slikt tillegg i pkt. 1 i vedtaket:

Full økonomisk kompensasjon må vidare og gjelde brukarane.

Forslaget fall med 3 mot 4 røyster.

Magnar Bratlien la frå slikt forslag til nytt pkt. 2 i vedtaket:

Det må definerast kva som er tilfredsstillande tilgang på veterinærtenester. Det må utarbeidast retningsliner som klargjør nivå og kvaliteten som tenesta skal ha. Dette for å sikre beredskap mot smittsame dyresjukdomar, og å gi aktørane i landbruksnæringa stabile rammevilkår og av omsyn til dyrevernet.

Samrøystes vedtatt.

Pkt. 3 i innstillinga vart samrøystes vedtatt.

### **LUM-026/06 26.04.2006 Vedtak:**

1. Kommunane må få full økonomisk kompensasjon for å ta over ansvaret for veterinærtenestene.
2. Det må definerast kva som er tilfredsstillande tilgang på veterinærtenester. Det må utarbeidast retningsliner som klargjør nivå og kvaliteten som tenesta skal ha. Dette for å sikre beredskap mot smittsame dyresjukdomar, og å gi aktørane i landbruksnæringa stabile rammevilkår og av omsyn til dyrevernet.
3. Den nye ordinga må vere kostnadseffektiv i forhold til den gamle ordninga og dei måla ein vil oppnå.

Nord-Fron kommune, 26.04.2006.



Kari Larssen Brenna